

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunestyresalen  
**Møtedato:** 16.03.2009 **Tid:** 15.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Marion Langhelle Pedersen (Frp)

**I staden møtte:**  
Gunnar Bruvik (Frp)

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17. mars 2009

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Gunnar Bruvik** – stilte spørsmål 3 spørsmål

1. Utbygging i verna vassdrag. Han viste til at fallrettseigarar i sideelvar til det verna vassdraget Eikedalselva har orientert om at dei ønskjer å nytta rettane sine noko som er vanskeleg sidan det er i eit verna vassdrag. Dei har bedt kommunen om avklaring/hjelp. Kva vert gjort.  
Det vart orientert om at adm.sjef har hatt møte med fallrettseigarane m.fl. der konklusjonen er at dei ønskjer at kommunen arbeider for å få endra vernet. Naturutvalet vil få seg førelagd sak om dette til første møte.
2. Skjer det noko i moloområdet på Steinsland? Han viste til eit møte der småbåtforeininga presenterte planane sine og der kommunen vart utfordra på ein del tilhøve.  
Det vart vist til møte og til innspel frå småbåtforeininga i etterkant. Innspelet krev omregulering, noko det er henta inn pris på. Administrasjonen har ikkje prioritert dette tiltaket, og det er heller ikkje løyvd midlar til omreguleringa. Leiar av teknisk eining var seinast i førre veke i kontakt med leiaren av småbåtforeininga, og ein del tilhøve vil verta avklara med det første.
3. Det er fortsett ikkje gjort noko for å få ordna tunnelen på Gjerde. Bruvik har reist spørsmålet ved tidlegare høve, kommunen har vend seg til Statens Vegvesen utan at noko har skjedd. Kommunen vil på nytt ta spørsmålet opp med dei. Bruvik vil få kopi av korrespondansen.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Adm.sjefen orienterte om bruk av forkjøpsretten på Hellevanghuset og at kommunen no har motteke takst. Kommunen vil no synfara eigedomen, etter at det er gjort vert det teke kontakt med meglar for evt. å få gjennomført ein overdraging. Godkjenning av kjøp samt finansiering vil evt. vert fremja for PØ i neste møte.

PØ skal ha ei synfaring den 14 april på Bjørkheimsområdet. Det pågår fleire ulike drøftingar om lokalsamfunnsutvikling der dette området er interessant. Det vil verta vurdert om leiar i steingruppa evt. personale frå teknisk skal innbydast til synfaringa.

Plassering av Portal. Ordførar orienterte om dei diskusjonane som har vore med tanke på plassering av portalen. Arbeidet med å kostnadsrekna dei to alternative som førebels er peika på er i gang. I utvalet kom det innspel om å vurdere Hisdal – avkjøring til Rolvsvåg.

Det vert samling over to heile dagar (inkl. overnatting) for PØ og einingsleiarane samt delar av administrasjonssjefen sin stab 28. og 29. april.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0012/09	08/00488 <b>ORGANISASJONGJENNOMGANG 2008 - FOKUS PÅ SKULEOMRÅDE. ADHOC GRUPPA INNSPEL MARS 2009</b>
0013/09	09/00047 <b>TILLEGGSLØYVINGAR 2009 -</b>

0012/09

**ORGANISASJONSGJENNOMGANG 2008 - FOKUS PÅ SKULEOMRÅDE.  
ADHOC GRUPPA INNSPEL MARS 2009**

**Framlegg til vedtak:**

Adhoc gruppa ber om mandat og midlar til å leiga inn eksternt konsulentfirma, ADI, til å vurdera administrasjonen av grunnskulane i Samnanger, inkludert kommunenivået.

Adhoc gruppa følgjer vedlagde framdriftsplan for våren 2009, og legg opp til ei todeling:

1. målsetjing å finna løysingar for drifta innanfor dei gjevne økonomiske rammene, i våre 3 skular, med gjennomføring frå august 2010
2. målsetjing å vurdera ny skulestruktur på lang sikt, og utarbeida ny skulebruksplan for ei framtidig løysing, med politisk avgrensing i kommunestyret juni 2009.

**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 25.000 til å leiga inn eksternt konsulentfirma til å vurdera administrasjonen av skulen i Samnanger inkl. skuleområdet i sentraladministrasjonen.

Finansiering ved bruk av tilleggsøyvingskontoen.

Arbeidet skal følgja vedlagde framdriftsplan datert 20.02.09.

Arbeidet vert to-delt:

1. Finna løysingar for drifta innafor gjevne økonomisk rammer med gjennomføring frå august 2010.
2. Vurdera framtidig skulestruktur og utarbeida ny skulebruksplan.

Det vart røysta alternativt, og Aase sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:** Det vert løyvd kr 25.000 til å leiga inn ekstern konsulentfirma til å vurdera administrasjonen av skulen i Samnanger inkl. skuleområdet i sentraladministrasjonen.

Finansiering ved bruk av tilleggsøyving.

Arbeidet skal følgja vedlagde framdriftsplan datert 20.02.09.

Arbeidet vert to-delt:

1. Finna løysingar for drifta innafor gjevne økonomisk rammer med gjennomføring frå august 2010.
2. Vurdera framtidig skulestruktur og utarbeida ny skulebruksplan.

0013/09

**TILLEGGSLØYVINGAR 2009 -**

**Framlegg til vedtak::**

Ungdomsrådet får til disposisjon kr 13.000 (konto nr. 1.10041.1004.4702) + kr 25.000 (1.3200.2331.2700) meir enn avsett i budsjettet for 2009 til bruk for tiltak for barn og unge. Det vert løyvd kr 20.000 meir enn budsjettert til velferdstiltak for tilsette (1.1200.1800.1209). Utgiftene vert dekkja inn ved bruk av konto for tilleggsløyvingar 1.1200.1800.4900.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Ungdomsrådet får til disposisjon kr 13.000 (konto nr. 1.10041.1004.4702) + kr 25.000 (1.3200.2331.2700) meir enn avsett i budsjettet for 2009 til bruk for tiltak for barn og unge. Det vert løyvd kr 20.000 meir enn budsjettert til velferdstiltak for tilsette (1.1200.1800.1209). Utgiftene vert dekkja inn ved bruk av konto for tilleggsløyvingar 1.1200.1800.4900.